

Kanskje Morten Strøksnes framfor å erklære landbruket krig, kan gruble på kvifor han betaler 400 kroner pr. kilo for ein ost som, inkludert toll, vert innført til 144 kroner kiloen.

Tollen trugar ikkje roqueforten

TOLL

Torbjørn Tufte,
statstvitar, Landbruks
Utdringskontor



Morten Strøksnes skriv om endringa frå kronetoll til prosenttoll på nokre varer i kommentaren «Bondefanget» (BT 29.09.). Strøksnes avsluttar med: «Ved å heve tollmuren rundt norsk landbruk, risikerer regjeringen at norsk fiskeeksport ileses straffetoll av EU. Kan noen forklare meg logikken? Spørsmålet er ironisk ment. Den finnes ikke.»

Det meste har logiske forklaringar. Som ein gammal skulemeister på Vestlandet, vil eg søkje å løse Strøksnes gjennom logikken. Sjølv sagt utan hell.

Tollsatsar er legitime

Toll og tollsatsar er fastsett i WTO (Verdens handelsorganisasjon, red. anm). Nettopp, bruk av tollsatsar er det legitime verke midlet i handelen i WTO. Det er bindingslistene i WTO som definerer tollsatsane eit land har rett til å nytte. Såleis har ikkje endringa av tollsatsar overfor tredje land noko med verken artikkel 19 eller EU å gjere.

Tollprofilane Noreg og EU praktiserer er ifølgje WTO slik: På landbruksvarer er 30 prosent av varelinjene til EU tollfrie, og 46 prosent av dei norske. På industrivarar (fisk er industrivare i WTO) er 31 prosent av varelinjene til EU tollfrie og 94 prosent av dei norske.

EU legg øg toll på mat

Så til logikken. Gjennom EØS-avtala fell tollvernet på industrivarar vekk mellom Noreg og EU. Fisk og landbruk er derimot utanfor EØS-avtala. Både Noreg og EU nyttar toll på landbruksvarer.

Skilnaden er at Noreg ikkje nyttar toll på fisk i WTO, og difor heller ikkje toll mot EU. EU har toll på fisk i WTO, og difor har EU tollvern mot Noreg både på landbruk og fisk, fordi dette ligg utanfor EØS.

Årsaka til at Noreg ikkje har toll på fisk, er truleg at norsk fiskerisektor har rikeleg tilgang til fiskeressursar og difor er internasjonalt svært konkurransedyktige. Fiskerisektoren til EU er derimot ikkje særskilt konkurranseskraftig, og EU har heller ikkje stor tilgang til eigne fiskeressursar.

Difor driv EU med utstrakt subsidiering av fiskerisektoren, samstundes som heimemarknaden er verna av tollsatsar både på fiskeråvarer og foredla fiskeriprodukt. EU nyttar lågare tollsatsar på fiskeråvarer enn foredla fiskeriprodukt. Slik sikrar dei tilgang av råvarer til industrien, for EU har underskot på eigne fiskeråvarer.



DYR ROQUEFORT: Det er ikke franske bønder og den norske staten som tener gode pengar på Strøksnes si osteglede, skriv Torbjørn Tufte.

ARKIVFOTO: THOR BRØDRESKIFT

Tilsvarande logikk gjeld for landbruket. Det norske landbruket er ikkje konkurransesterkt internasjonalt, verken på naturgitte føresetnader eller på skala drift; det vere seg primærleddet eller industrileddet. Landbruket til EU er konkurransekraftig mot norsk landbruk. Likevel nyttar EU toll på norske landbruksvareeksport.

Det gir EU lettare avsetjing og mindre konkurranse for eigne varer i heimemarknaden. Landbruket til EU er derimot ikkje konkurransedyktig mot store landbruksekspertørar som Brasil, Argentina, Australia og New Zealand. Difor vernar EU heimemarknaden og landbruket mot konkurranse frå desse, ved bruk av eit velfungerande tollvern, minsteprisar og omfattande subsidiar til bøndene.

Gjennom det sikrar dei produksjon og avsetjinga av eigne råvarer, samt rammevilkåra i sin største industrisektor, matindustrien. I tillegg sikrar dei eit prisnivå i heimemarknaden som speglar kostnadsnivået i EU, som er høgre enn i til dømes Brasil, men lågare enn i Noreg.

Følger EU sin logikk

Logikken bak endring av norske tollsatsar er dermed å handheve eit norsk tollvern som sikrar norsk jordbruksproduksjon og foredling. Internasjonalt har Noreg tydeleg uttrykt kva tollsatsar ein vil praktisere. Det står eksplisitt i bindingslista i WTO: «Hvor både spesifikk [krone] og ad valorem [prosent] tollsats er angitt vil man benytte den sats som til enhver tid er høyest» (Særskilt vedlegg til St.prp.nr. 65 (1993-94)).

Store importkvantum, til dømes av ost, til ordinær toll, tilseier at tollvernet ikkje fungerer etter intensjonen. Dette er tilsvarende logikk som EU nyttar på landbruk og fisk.

Berre 52 tonn roquefort

Lekkasjane om eit skifte frå kronetoll til prosenttoll på nokre få varelinjer, har gitt eit mylder av overskrifter om mangfold og utval i butikkhyller. NRK melder at endringa får adm.dir. i Virke, Vibeke H. Madsen til å sjå raudt. Ho seier «Det er å lure forbrukerne å si at dette ikke får noen konsekvenser for dem. Det kommer til å bety at det blir mindre mangfold av varer i hyllene, og det er stikk i strid med det forbrukerne ønsker».

Strøksnes delar òg denne uroa i «Bondefanget»: «Landbruksinteressene skal ta fra meg roquefortosten. Nå er det personlig. Nå er det krig.» Han følgjer opp krigserklæringa med «Det betyr at mye av maten du liker, vil forsvinne fra butikkhyllene. I min nærbutikk koster roquefortost allerede 400 kroner kiloen».

Det er rart, for importverdien til Roquefort var 117 kroner kiloen i 2011. Inkludert tollen på kr 27,15 tilsvarar det ein kilopris på kr 144,15. Så då er det tydelegvis nokon andre enn franske bønder og den norske staten som tener gode pengar på Strøksnes. Det er òg rart at det finst roquefort i nærbutikken, fordi det vert mest ikkje importert. Berre 52 tonn roquefort tek importørane inn. Dette bør dei greie å presse inn i den tollfrie ostekvoten på 7200 tonn.

God plass til manchego-en

Like fullt, vil utvalet forvitre og kvalitetsostar forsvinne? Den toll-



FAKSIMILE: Frå BT 29. september

fakta osteimport

- Norge importerte 10.900 tonn ost i 2011, 99 % frå EU.
- 4603 tonn frå Danmark, 2114 tonn frå Tyskland, 1882 tonn frå Frankrike – totalt 80 prosent av importen.
- 52 tonn roquefort, 47 tonn gorgonzola, 188 tonn camembert, 133 tonn original parmesan (frå Italia). 2188 tonn fetakopiert ost frå Danmark, 29 tonn feta frå Hellas, sjø om Hellas har einerett på produktnevnna «Feta» i EU.
- 568 tonn ordinær ferdigriven ost, som er 119 tonn meir enn totalt volum av parmesan, roquefort, gorgonzola, camembert og feta.
- Den tollfrie kvoten på 4500 tonn er no utvida til 7200 tonn (artikkel 19). Det utgjer 10 prosent av det norske osteforbruket.

frie kvoten på import fra EU er utvida (sjå faktaboks). Det tilseier at det i framtida kan fyllast på med ostar som parmesan, manchego, comté og roquefort i norske kjøleskap.

Men, vert det importert kjende spesialostar som sikrar stort utval og bugnande ostestediskar – eller er det ordinære volumostar, som ferdigriven ost, som fyller hyllene? Ostar, som gjennom store volum fortrengjer ost ysta på mjølk frå norske mjølkekryr, det vere seg norske «billigostar», dyrare lagra ostar eller norske nisjeostar. Importstatistikkene har svar.

Så kvifor er det alltid så langt mellom butikkar som har gorgonzola og feta? Det er fordi slik ost knappast vert importert. Om det er fordi forbrukarane ikkje vil ha spesialostar, eller fordi importørane ikkje ønskjer å ta dei inn, det må importørane svara for.

Kvalitetsostane kan sikrast

Både statistikken og jussen gir grunnlag for å konkludere med at det i framtida vil vere rikeleg rom for eit fungerande tollvern og samstundes sikre forbrukarane kvalitetsostar gjennom den tollfrie ostekvoten på 7200 tonn.

Ei trist oppsummering av norsk osteimport i 2011 viser at det vart importert langt meir ordinær ferdigriven enn av ostar som parmesan, roquefort, gorgonzola, camembert og feta. Kvifor importørane ikkje tek inn meir og fleire kvalitetsostar når det er ei tollfri kvote på 7200 tonn; det lurer eg på. Kanskje Strøksnes framfor å erklære landbruket krig, kan gruble på kvifor han betaler 400 kroner pr. kilo for ein ost som inkludert toll vert innført til 144 kroner kiloen.